



**Stølsheimen
verneområdestyre**

Postadresse
Stølsheimen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129
sfv/post@statsforvalteren.no
sfv/post@statsforvalteren.no
www.nasjonalparkstyre.no/Stølsheimen

Stølsheimen verneområdestyre
Rådgjevande utval for Stølsheimen

Sakshandsamar Anbjørg Nornes

Vår ref. 2019/18547-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 20.09.2022

Referat frå dialogmøte Stølsheimen verneområdestyre og rådgjevande utval - 12. og 13. september 2022

Møtet i rådgjevande utval (RU) vart gjennomført som dialogmøte med Stølsheimen verneområdestyre. Møtet vart halde i Finnabotnen i Vik kommune.

Deltakarar frå rådgjevande utval:

Lars Kn. Mørkve, grunneigarlag Voss
Ola Engum, grunneigarlag i Vik
Johnny Bjørge, Bergen og Hordaland Turlag /Voss Utferdslag
Olav J. Bøtun, villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell
Hildegunn Mugås, Fjellheimen villreinutval
Sissel Hauge Mykletun, Eviny (tidlegare BKK)
Øistein Aasland, Statsforvaltaren i Vestland

Deltakar frå Stølsheimen verneområdestyre:

Marta Sofie Vange

Andre deltakarar:

Nils Kvamme, prosjektleiar skjøtselsarbeid i Stølsheimen

Verneområdeforvaltarar og sekretær for møtet:

Anbjørg Nornes.

Innspele om solcellepanel og antenner på stølshus og hytter i Stølsheimen landskapsvernområde

Bruk av solcellepanel har blitt vanleg på fritidshus både i og utanfor verneområde. Det er kome opp solcellepanel på nokre stølshus og turisthytter i Stølsheimen landskapsvernområde. RU rår styret til å laga retningslinjer for etablering av solcellepanel på bygningar i Stølsheimen landskapsvernområde. Oppføring av faste anlegg med solcellepanel og antenner bør vera søknadspliktige tiltak slik at verneområdestyret kan vurdere om tiltaket påverkar landskapets art og karakter.

Omsyn til villrein i Fjellheimen villreinområde – Stølsheimen

RU minner verneområdestyret om at omsyn til villrein må leggjast vekt på i alle saker som kan ha verknad på leveområde for villreinen i Fjellheimen villreinområde. Det er spesielt viktig ved tilrettelegging for ferdsel. Auka ferdsel kan vera negativt for villreinen sin bruk av området. Villreinen trekker vekk frå område med høg menneskeleg aktivitet.




Det er positivt at folk får tilgang til fjellheimen, men det må samtidig leggjast til rette slik at villreinen ikkje vert jaga vekk frå leveområda sine. Anleggsvegane som går langt inn i fjellet bør stengast med bom på våren og tidleg sommar. Dette er den mest sårbare tida for villreinen. Vegane bør ikkje brøytast for snø. Dette vil føre til at vegen er naturleg stengt tidleg på sommaren. Vegane vert brøytta opp når det er særskilt arbeid på vasskraftinstallasjonane.

Synfaring i kulturlandskapet i Finnabotnen

Nils Kvamme orienterte om skjøtselsarbeidet som er gjennomført i Finnabotnen siste åra. I 2022 er stien til Fagerdalen og stien til Vetlehovden rydda. Det er rydda skog langs innmarka for å halda innmarka open. Gamalt gjerde langs steingarden rundt innmarka er fjerna.

Deltakarane var med og såg på skjøtselstiltaka som er utført i områda Vetlefloten, Storefloten og Botnastølen. På returen til Finnabotnen gjekk vi ned på andre sida av Botnaelva til Ytrefloten og Granden (ved sjøen). I eksisterande skjøtselsplan (2003) er det sett opp skjøtselstiltak for desse områda. På synfaringa vart det diskutert kva som er realistisk å gjennomføra av skjøtsel. Det er ikkje aktiv landbruksdrift i området i dag, og det vil difor vera svært arbeidskrevjande å halda kulturlandskapet ope i heile området. Råda frå RU er å prioritera stiane i området og kulturlandskapet i tilknytning til desse. Styvingstrea nær stien mellom Granden og Ytrefloten bør prioriterast med skjøtsel, og eventuelt etablera nye styvingstre. Dette området er registrert med eit rikt artsmangfald, blant anna varmekjære lauvtre som ask og alm.

Innmarka rundt gardstuna i Finnabotnen bør prioriterast med årleg slått. Graset som vert slått bør fjernast for å unngå oppgjødsling av marka. RU meiner grunneigarane bør ta større ansvar for slått av innmarka rundt gardstuna. Husa i Finnabotnen er sett i stand, og det vil vera viktig med skjøtsel av innmarka for å ta vare på eit heilskapleg kulturlandskap. Eit velhalde kulturlandskap og den storslagne naturen vil gje dei besøkjande ei unik oppleving i Finnabotnen.



Kart over kulturlandskapet i Finnabotnen. Kopi frå fylkesatlas



Møtedeltakarane på utsiktspunkt ved Botnastølen. Foto May Britt Taftø Petersen

Saker handsama av Stølsheimen verneområdestyre

Anbjørg Nornes orienterte om saker handsama frå oktober 2021 til 12.09.2022, og tiltaksplan for 2022.

Saksnr.	Styresaker
23/21	Tiltaksplan og bestilling av SNO-tenester, 2022
24/21	Drifta av styret 2022
5/22	Grøndalen-gullbråholmen – fleirårig snøskutertransport
6/22	Hestfjellet – istandsetting av stølshus
7/22	Prioritering av tiltaksmidlar 2022
12/22	Fjellhytta i Ortnevik – nytt bygg
15/22	Utsetting av basestasjon – bjøllesystem for sau
21/22	Finnabotnen – endring fasade – nye vindauge
25/22	Finnen – gjenoppbygging av naust

Saksnr.	Sak
1/22	Vassøyane – motorferdsel – revurdering vassveg - Eviny
2/22	Sendedalen – snøskuter – ved og proviant



3/22	Sendedalen – snøskuter - båt
1/22	Mørkves-Grøndalen – motorferdsel, snøskuter – materiale
2/22	Holmavatnet – motorferdsel, snøskuter - båttransport
3/22	Holmavatnet – motorferdsel, snøskuter – materiale og ved
4/22	Helikoptertransport – utsetting av basestasjon, bjøllestystem
5/22	Vøvringen – motorferdsel, helikopter – materiale og utstyr
6/22	Vassøyane – motorferdsel, helikopter – materiale og utstyr
7/22	Sendedalen – motorferdsel, båt – oppfiskingsprosjekt
8/22	Vassøyane – motorferdsel båt – inspeksjon av tappeluka, Eviny
9/22	Finnabotnen – motorferdsel – gravemaskin – restaurering bru og strandlinje

Tiltaksmidlar 2022

Tiltak 2022	Tildelt	Status
Prosjektleiing skjøtselsarbeid	10 000	Under arbeid
Skjøtsel av sti Finnabotnen-Fagerdalen, mot Finden, Åsehidleren,	75 000	Under arbeid
Skjøtsel av kulturlandskap – Sylvarnesdalen, Smørklepp, Fidnaselbøen, Negardstølen, Rotteskardet, Fossesete, Rosete, Finnabotnen, Bjørkestølen, Åsedalen, Vetlestraumen	127 000	Under arbeid
Reparasjon kai i Finnabotnen	50 000	Overførte midlar
Utbetring av bru-kar Finnabotnen	50 000	Overførte midlar
Skjøtselshogst, granfelt under Fossesete	43 000	Overførte midlar
Skilt og innfallsport Modalen og Voss	100 000	Ikkje starta
Design temaskilt, turskilt	30 000	Ikkje starta
Kjøp av fleire cortensskilt	42 000	Ikkje starta
Montering av skilt (Vik, Modalen, Høyanger, Voss, Modalen)	160 000	Ikkje starta
SUM	643 000	143000 er overførte midlar frå tidlegare år



Innspel frå RU til tiltak i 2023:

- Tiltak på våte parti på stien inn Sendedalen, frå Rv. 13 til Lars-Olavatnet.
- Flytte startpunkt for stien inn Sendedalen tilbake til parkeringa ved Telegrafhytta. Dei fleste parkerer og startar turen her. Informasjon om området bør setjast opp på denne parkeringsplassen.
- Informasjon om Finnabotnen med skilt på kaien i Finnabotnen. Besøkjande må få vita om turmoglegheitene når dei oppheld seg i dette området.
- Slått av sølvbuketuer på stølen i Mørkves-Grøndalen
- I område som er prioritert med tiltaksmidlar til skjøtsel, bør grunneigarane oppmodast om å gjennomføra skjøtselen.

Val av leiar for RU for to år (2023/2024)

Det kom framlegg om attval av Lars Kn. Mørkve som leiar for RU. Lars Kn. Mørkve vart valt for to år, 2023 og 2024, med akklamasjon.

Innkomne saker

Det var ikkje kome inn saker til RU innan fristen på 14. dagar.

Nytt dialogmøte 2022

Verneområdestyret og rådgjevande utval ynskjer å ha dialogmøte hausten 2023 i Torvedalen eller området Vassøyane/Selhamar.

Med helsing

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Grunneigarlag i Stølsheimen
Administrativt kontaktutval for Stølsheimen
Voss Utderslag
Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell